

**FORSLAG
PLANFØRESESEGNER FOR
Vevletveit - Masseuttak
OSTERØY KOMMUNE**

GNR. 6 BNR. 1
Plan nr.: 1253 2016 001

Saksnummer: 16/341
Dato sist revidert: 17.02.2017

1. FØREMÅL MED PLANEN

Føremålet med planen er å sikre mineralressursar og gje rammer for drift av massetak, her pukkverk, samt avslutning og etterbruk av masseuttaket.

Detaljreguleringsplanen er utarbeidd med heimel i Plan- og bygningslova jf. pbl. § 12-7.

Planområdet skal nyttast til følgjande føremål:

1. Bygg og anlegg: (Pbl. § 12-5 ledd nr. 1)
 - Råstoffutvinning, massetak og steinbrot
2. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur: (Pbl. § 12-5 ledd nr. 2)
 - Felles køyreveg (f_SKV)
 - Privat køyreveg (p_SKV)
3. Grønstruktur: (Pbl. § 12-5 ledd nr. 3)
 - Vegetasjonsskjerm (GV)
4. Omsynssone (pbl. § 12-ledd nr. 6 & 11-8 a)
 - Sikringsone - Frisikt (H140)
 - Sikringsone – Andre sikringsoner (H190)
 - Faresone – høgspenning (H370)

2. FELLES FØRESEGNER FOR HEILE PLANOMRÅDET (Pbl. § 12-7)

2.1 Driftsplan

Det skal utarbeidast ein driftsplan for massetaket. Driftsplanen skal godkjennast av direktoratet for mineralforvaltning. Driftsplanen skal innehalde:

- Informasjon om stad for uttak og topografisk tilhøve
- Informasjon om mineralførekomsten
- Planlagt uttak, opprydding og sikring under drift
- Omsyn til natur og omgjevnader

- Plan for sikring og opprydding etter enda drift (Avslutningsplan).

2.2 Byggegrense

Byggegrense mot fv. 362 er 15 meter, dette gjeld bygg, andre installasjonar og lagring av massar, jf. pbl §12-7 nr. 2.

2.3 VA

Avløp frå bygningar innanfor planområdet skal gå til lukka tank. jf. pbl §12-7 nr.2.

2.4 Landskap og tilpassing av terreng jf. pbl §12-7 nr. 1

Ved tilbakeføring av masseuttaket skal kommunen sine retningslinjer for estetikk, arkitektur og landskap og kommuneplanen sin arealdel § 1.6 og § 1.8 leggest til grunn.

2.6 Vegetasjon jf. pbl §12-7 nr. 1

2.6.1 Større tre og annan verdifull vegetasjon i ytterkantane av området skal i størst mogleg grad tas vare på.

2.6.2 Ved avslutning av masseuttaket skal tilførte massar vere reine, naturlege massar som sand, stein, jord og skal ikkje innehalde miljøskadelege stoffar. Vekstar og tre som vert planta ut i planområdet skal ikkje vere svartelista artar.

2.6.2 Ved avslutning av masseuttaket skal skråningar plantast med buskar og tre for å dempe det visuelle uttrykket.

2.7 Avfallshandtering jf. pbl §12-7 nr. 3

2.7.1 Alt avfall skal oppbevarast i innelukka konteinar eller særskilde bygningar.

2.7.2 Farleg avfall og forureina massar skal handterast forsvarleg, jf. Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall.

2.8 Forureining og støy jf. pbl § 12-7 nr. 3

2.8.1 Støy frå verksemda i masseuttaket skal ikkje overstige grenseverdiar gjeve i gjeldande rettleiar T-1442 kap. 3 «Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging» og forureiningsforskrifta § 30-7.

2.8.2 Verksemda skal sørgje for å gjennomføre tiltak som er naudsynte for å redusere støvutslepp frå all støvande aktivitet som knusing, sikting, transport og lagring, jf. forureiningsforskrifta § 30-4. Støvnedfallsmålingar etter forureiningsforskrifta skal utførast, jf. §§30-5 og 30-9 a.

2.8.3 Det er ikkje tillate med utslepp av forureina vatn og aktivitetar som gjev tilslemming av vassdrag. Målingar av utslepp til vatn skal utførast etter krav i forureiningsforskrifta, jf. §§30-6 og 30-9 b.

2.9 Vibrasjonar og skakingar

Grenseverdier for vibrasjonar ved sprenging i fjell skal bereknast etter anbefalingar i gjeldande versjon av NS-8141 «Vibrasjonar og støt - Måling av svingehastighet og beregning av veiledende grenseverdier for å unngå skade på byggverker».

3. BYGG OG ANLEGG (pbl § 12-5, nr. 1)

3.1 Råstoffutvinning

- 3.1.1 I området for råstoffutvinning (BRU) kan det foretas uttak, knusing og lagring av steinmassar. Inngrepa skal ligge innanfor plangrensa og ikkje under det kotenivå som er angjeve i driftsplan.
- 3.1.2 Drift skal skje etter godkjend driftsplan godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning.
- 3.1.4 Det er tillate med mellombelse bygningar og anlegg som er tilknytt drifta av masseuttaket. Bygningar og andre mellombelse og transportable konstruksjonar skal fjernast når drifta av massetaket opphøyrer.
- 3.1.5 Toppmassar skal gravast av og lagrast i eige deponi før utsprenging tar til.
- 3.1.6 Inngrep skal ikkje foretas under det kotenivå som er gjeve i driftsplanen.
- 3.1.7 Endeleg fastsetting av utaket sitt botnnivå vert fastsett i driftsplan.
- 3.1.8 Driftstider
Normal drift (knusing, boring og masseflytting) er avgrensa til tidsrommet:
kl. 07:00- 18:00 måndag-fredag, gjeld ikkje heilag dagar.
- Sprenging er avgrensa til tidsrommet:
Kl. 07:00-1600 måndag til fredag, gjeld ikkje heilag dagar. Naboar skal varslast før sprenging finn stad.
- Transport av massar ut av massetaket er avgrensa til tidsrommet:
kl. 07:00- 18:00 måndag-fredag, gjeld ikkje heilag dagar
Kl. 0800-1300 på laurdagar, gjeld ikkje heilag dagar
- 3.1.9 Ved avslutning og istandsetting av masseuttaket skal det leggest til rette for revegetering av stadlege artar. Området tilbakeførast til LNF-føremål. Ved avslutta uttak skal området settast i stand i samsvar med avslutningsplan i godkjend driftsplan. Avslutningsplan skal godkjennast av kommunen sjølv om drifta vert avslutta før dei angjevne massane etter driftsplanen er tatt ut. Avslutningsplanen skal sikre ein heilskapleg avslutning av brotet.

4. SAMFERDSELANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (pbl § 12-5, nr. 2)

4.1 Køyreveg

- 4.1.1 Offentleg veg o_SKV1
O_SKV1 er avsett til offentlig køyreveg i samsvar med reguleringsplan for fv. 567 Hauge- Lonevåg planID 20081200 e1.

4.1.2 Privat veg SKV2

SKV er ny avkjørsle til masseuttaket. Avkjørsle skal fjernast ved avslutning og istandsetting av masseuttaket.

5. GRØNTSTRUKTUR (pbl § 12-5, nr. 3)

5.1 Vegetasjonsskjerm

- 5.1.1 I området GV1 kan det utvinnast steinmassar, men det skal takast vare på eksisterande terreng til ei høgde av minimum 7 meter. Terrenget og vegetasjon i vegetasjonsskjermfelt GV1 skal oppretthaldast for å oppretthalde ein visuell skjerming mot for bustader i vest. GV1 skal også fungere som ein buffer mot vassdraget Loneelvi.
- 5.1.4 Mest mogleg av opphavleg vegetasjon i vegetasjonsfelt GV2 skal takast vare på for å skape ein god overgang til landbruk, natur- og friluftsområde.

6. OMSYNSSONER (pbl § 12-6, jf. §11-8)

6.1 Sikringssone - Frisikt

I sikringssona - frisikt H140 skal det ikkje vere vegetasjon eller andre innretningar som hindrar frisikt i samsvar med vegnormalane.

6.2 Sikringssone – Andre sikringssoner

Sikringssona – Andre sikringssoner (H190) er avsett til sikring av massetaket som høge gjerder, sperringar og andre sikringstiltak slik at massetaket ikkje fører til fare for menneske og dyr etter pbl. TEK10 §12-17. Sikringstiltaka skal vere i samsvar med godkjend driftsplan.

6.3 Faresone – Høgspenningsanlegg

I faresona – høgspenningsanlegg H370 er ei eksisterande høgspenningslinje og har ei byggforbodssone på 16 meter.

5. KRAV OM REKKEFYLGJE OG VILKÅR FOR GJENNOMFØRING AV TILTAK

- 7.1 Driftsplan for masseuttaket må være godkjend av Direktoratet for mineralforvaltning før igangsetting av drift.
- 7.2 Området skal sikrast etter godkjend driftsplan før det kan tas i bruk til masseuttak.
- 7.3 Før igangsetting av tiltak skal det vere utført støyvurderingar.
- 7.4 Før igangsetting av tiltak skal avkjørsle til massetak SKV2 vere ferdig opparbeida.
- 7.5 Området skal tilbakeførast til LNF-område seinast innan 1 år etter ferdig uttak av massar.